

## TOPP 1 LAUVVIKTOPPEN 993 M.O.H.

Frå Dalen, køyr i retning Åmdals Verk. Når du kjem til Svingen er det oppmerka parkering til venstre etter at du har passert avkøyringa til Skafså kyrkje. Turen går på merka sti, gjennom skog og myrterreng. **Distanse: 6 km t/r**  
**Stigning: ca. 480 høgdemeter**

## TOPP 2 BERHOMSFJELLET 1223 M.O.H.

Parkering: Ved Hallbjønnsekken Høyfjellsenter. Følg grusveg i byrjinga til toppen av hyttfeltet ved skiheisen. Følg så raudmerka sti forbi øvste heisbu til toppen av slalåmbakken. Stien fortsett til du kjem opp på eit høgdedrag. Følg så høgdedraget vestover til du startar på ny stigning, siste 100 høgdemeter. Følg med på merking når stien delar seg, følg blåmerka løype. Du finn klype og bok, under blåmerka steinar på Varden. Turen tek cirka 4-5 timar.

**Distanse: 10 km t/r**      **Stigning: ca. 400 høgdemeter**

## TOPP 3 VEGGINE 1032 M.O.H.

Frå Dalen: køyr retning Setesdal. Parkering: På sørsida av Rv. 45, cirka 4 km etter Grimdalstunet. Lett terreng med jamn stigning og tydeleg sti. Før ein kjem til toppen av høgdedraget før Breivatn, tek ein av nordvest og oppover etter raudmerking og pilskilt. Følg så høgdedraget nordover til ein tydeleg varde på 1032 m.o.h. Nabotoppen, 500 m sørvest for Veggine har same høgde og er verdt eit besøk. Turen tek cirka 4-5 timar.

**Distanse: 10 km t/r**      **Stigning: ca. 250 høgdemeter**

## TOPP 4 KVANNEFJELLET 1537 M.O.H.

Køyr til Byrte, ta av inn Byrtedalen. Køyr inn til Ormekvålen og parker der (ved bommen). Dei to første km går etter veg. Følg deretter T-merka sti inn gjennom Byrtedalen. Ta av stien i Brekka (følg skilting). Stien svingar seg så opp lia på sørsida av dalen mot toppunktet. Følg nøye med på merkinga, då det ikkje er tråkka sti heile vegen. Det vil vere merka med gult ut frå turistforeningens sti. Følg sama vegen tilbake. Tur med turleiar vil vere rundtur om Poddeskorvatna og ned bratt li mot startpunkt.

**Distanse: ca. 20 km rundtur**      **Stigning: ca. 750 høgdemeter**      **Bompengar: 40 kr**

## TOPP 5 KALDDALSPIGGEN 1233 M.O.H.

Start ved Futevegen i Mo, følg Futevegen til du kjem til Nos. Gå over støylen til du kjem på stien i skogkanten, følg denne til Ribbesbakke. Her held du nedkant på støypane for så gå oppover forbi hytta som ligg lengst vest. Følg stien som går vestover i terrenget om lag midt i Ribbesbakke. Følg denne om lag 200 m. og følg nøye med på merkinga gjennom fleire stikryss. Ta av stien om lag 100 m før hytta på Myrbu og følg lia oppover. Når du ser oppover lia vil ein sjå ein loddret fjellvegg i grensa mellom bjørkeskog og snaufjell. Hald deg aust for denne, til du kjem på høgde med den, då dreier du vestover og oppover mot toppen på 1233 m.o.h.

**Distanse: ca. 6,5 km t/r**      **Stigning: ca. 700 høgdemeter**

## TOPP 6 TRISSETNIBBA 669 M.O.H.

Frå fv. 802 sving av ved skiltet som er merka med Djuve. Følg Knut Askjes veg ca. 1,5 km og ta til høgre i vegkrysset. Etter ca. 700 m kjem du til Kosi der du parkerer. Følg den merka stien mot Flekstveit. Etter ca. 650 meter er du på Trisetnibba.

**Distanse ca. 1,3 km t/r**      **Stigning ca. 150 høgdemeter**

## TOPP 7 GLØSTØYLNUTEN 848 M.O.H.

Ta av frå Støylsdalen (fv 804) inn vegen som er skilta til Lårdalstigen. Parker i enden av vegen der traktorvegen byrjar. Følg traktorvegen og merkinga vidare. Ta av frå traktorvegen og inn på sti merka Kapteinrenna. Når du kjem til Lårdalstigen ta til venstre og følg stien til du kjem til Gløstøylnuten; høgste punkt på Lårdalstigen. Turen kan gåast både frå Lårdal og Eidsborg.

**Distanse: 5,8 km t/r**      **Stigning: ca. 350 høgdemeter**

**TOPP 8****EIREFJELL****1023 M.O.H.**

Parker på parkeringsplassen ved svingen etter Smørklepp (fra Dalen). Gå langs hovudvegen i retning Høydalsmo, ta av inn til venstre og følg skiltinga. Tydeleg sti og raudmerking heile vegen. Stien går gjennom myr og skogbotn, noko ur og ulendt når ein nærmar seg toppen.

**Distanse: 8,4 km t/r****Stigning: ca. 400 høgdemeter****TOPP 9****OFTEFJELL****921 M.O.H.**

Parkering ved Oftebui i Høydalsmo sentrum. Stien går over jordet bak Oftebui. Hugs å late att grinda og ta omsyn til dyra. Følg så stien gjennom skog og myrterreng. Tydeleg sti heile vegen og jamn stigning. Dei siste 500 m før toppen er det noko ulendt over ur.

**Distanse: 4,5 km t/r****Stigning: ca. 350 høgdemeter****TOPP 10****VISÅSSKARVET****892 M.O.H.**

Parkering i Eidsborg ved Vest-Telemark museum. Følg vegen og raudmerkinga mot Rui/Dalen inn til Espelidtjønn. Gå til venstre i kryss på toppen av fyrste bakken. Gå gjennom gardstunet på Bergli og følg merkinga etter traktorslepa til toppen. Jamn stigning gjennom myr og skogterreng. Traktorslepa slutter ca 300 m før toppen. Fortsett vidare opp skaret, ta til høgre når du kjem opp skaret og følg så høgdedraget ut til toppen. Ned att gjeng du på framsida ut mot Dalen som også er merka. Då kjem du ned før gardstunet på Bergli og gjeng den same grusvegen ut att.

**Distanse: ca. 8 km rundtur**   **Stigning: ca. 450 høgdemeter****TOPP 11****PIGGNUTEN****910 M.O.H.**

Køyr til Åmdals Verk og følg skilting til gruvene. Parker på parkeringsplassen ved gruvemuseet. Følg grusvegen eit lite stykke sørvest mot steintippen/grunnvatn, ta deretter til venstre i sørleg retning forbi ein steintipp, samt gruveinngangar på venstre side og drei sørvest igjen og inn på ein tydeleg raudmerka sti i skogen. Følg stien opp til Kvilefura der Åmdal IL har ei postkasse. Følg vidare raudmerking over ei myr og rett over ein skogsbilveg og vidare i retning sørover til du ser rett ned på Åmdalsgardane. Følg vidare merking inn i skogen og mot Bratterudbekken. Du kjem etter kvart til eit flatare parti der stien deler seg (pilmmerking). Følg deretter blå merking og gå over Bratterudbekken. Du er no i Liarskardet. Deretter går løypa eit stykke i sørleg retning i eit flatare terreng. No kjem ei stigning som er brattast i starten og som deretter fortsett jevnt og trutt oppover i eit terreng med god utsikt nord- og østover. Løypa dreier etter kvart litt meir i vestleg retning att, langs ei rist, heilt til toppen. Turen tek cirka 2-3 t tur/retur.

**Distanse ca. 6 km t/r****Stigning ca. 435 høgdemeter****TOPP 12****NAPUREN****1284 M.O.H.**

Køyr cirka 2 km forbi Hallbjønnsekken feriesenter retning Setesdal. Parker på høgre siden av vegen ved snuplass til brøytebil (ikke på vinteren). Følg blå merking over ei bru, gå oppover og under ei kraftline, vidare oppover til terrenget flatar ut og det går nedover mot bekken som renn ned frå Kuskardtjønnin. Følg sti som går bratt opp ei li på høgre side av bekken. Etter å ha kome opp i sjølve Kuskard, skal to vatn (Kuskardtjønnar) passerast på venstre hand. Ta av til venstre frå hovudstien (pilskilt.) Følg merking som går skrått oppover i sørvestleg retning, gjennom eit lite skard og vidare oppover. Løypa dreier etter kvart heilt rundt og i motsatt retning til du kjem opp på sjølve toppen Napuren. Du finn klype og bok i ein behaldar under dei blåmerka steinane på varden. Ikkje gløym å nyt utsikten. Turen tek cirka 4-5 t tur/retur (dagstur).

**Distanse ca. 10 km t/r****Stigning ca. 469 høgdemeter****TOPP 13****VORNUTEN****1026 M.O.H.**

Køyr Kvålsgrendvegen (tek av frå E134 til Fjøddegrendi, som ligg omlag 750 m.o.h. Frå Høydalsmo kyrkje til Fjødde er det 8 km Denne grendi vart fråflutt på 1950-talet. Derifrå går du langs traktorveg og stigar forbi Uddedalstjønni og Stavatjønn. Der følger du vegen mot Myklevatn, forbi Myklekvæven, og skrå oppover mot Vornuten, 1026 m.o.h. Her er det i fint ver storsleige utsyn til alle leider.

**Distanse ca. 9 km t/r****Stigning ca. 276 høgdemeter****Bom: 50,-**

## TOPP 14 ØRNENIBBA 800 M.O.H.

Ein topp med lett tilgjenge og godt utsyn over Byrte. Sving av til Håtveit i Mo, køyr cirka 2 km, her er det bom. Køyr deretter cirka 4 km til Bugarden, parker her, like før du kjem til støylen Nivelkjing. Følg deretter traktorveg vidare til Deildemyr, og gamal hesteveg til Åvedalen vidare over Nystøylskaret. Frå skaret går du ned til Nystøyl og på nordsida av Nystøyltjønna, følg merking. Kryss bekken 100 meter frå utløpet av Nystøyltjønna og gå 30 meter opp på Ørnenibba.

**Distanse ca. 5 km t/r**      **Stigning ca. 165 høgdemeter**      **Bom: 40,-**

## TOPP 15 BRATSBERGNUTEN 652 M.O.H.

Parkering ved Austheii Grendehus om lag 2,5 km frå Krossli i retning Bandakslid. Turen er oransjemerka og går i skog og myrterreng. Lett stigning med nokre litt brattare parti mot slutten. Flott utsikt på toppen mot Bandak og Lårdal i nord, Austheii i vest og Hauggrend i sør. Om ein vil kan ein ta turen som ei rundløype og tilbaketuren går då i store trekk på gamle vegar attende til parkeringa.

**Distanse ca. 8 km t/r. Rundtur ca. 9 km.**      **Stigning ca. 300 høgdemeter**

## TOPP 16 TJØRNEVIKFJELLET 1090 M.O.H.

Parker 7,7 km vest for Hallbjønnsekken Høgfjellsenter, på parkeringsplassen på sørsidag av RV 45. Følg oransje merking forbi eit sauegjerde og vidare oppover ein sti, under høgspentledningar, over eit flatare og meir myrete parti. Ferda går vidare i eit brattare terreng oppover langs eggen på Tjørnesvikfjellet.

**Distanse: 6 km tur/retur.**      **Stigning: ca. 300 høgdemeter**

## TOPP 17 DRAUMENUTEN 1203 M.O.H.

Parkering og start er langs same løype som opp til Napuren. Følg blå merking til du kjem opp i Kuskardet. Når du kjem opp til Kuskard, må du ta til høgre (nordleg retning) og følge oransje merking (skilta mot Draumenuten) . Stien fortsett i bratt terreng til du kjem til eit platå med ein varde. Boka og klypa ligg under oransje merking inne i varden. NB: Dette er ikkje det høgaste punktet på Draumenuten

**Distanse: 6 km tur/retur**      **Stigning: ca. 400 høgdemeter**

## TOPP 18 NIPEN 841 M.O.H.

Parker ved låven på Flatland i Støylsdalen (Fv 804). Følg traktorvegen som går mot Krossdalen/Røynestøyl. Der traktorvegen delar seg er det merka fram til Nipen.

**Distanse: 5 km t/r**      **Stigning: ca. 250 Høgdemeter**

## TOPP 19 RAUDSINUTAN 1068 M.O.H.

Kjøyr frå Høydalsmo mot Øyfjell. Ta av mot Sandvik, bomveg. Parker ved Nestebø/nede ved vatnet. Gå opp forbi Ljosdal på grusveg og vidare forbi Tykve på sti. Her tek du av til venstre opp mot toppen.

**Distanse: 6 km**      **Stigning: cirka 450 høgdemeter**      **Bompengar: 30 kr**

 LETT TUR

 LITT KREVJANDE

 SVÆRT KREVJANDE

 SKATTEKISTE